

## SMIL 2020

NB! Du søker på AltInn

**SØKNADSRIST 20. mars**

Føremålet med tilskotsordninga for **SMIL** (spesielle miljøtiltak i jordbruket) er å først og fremst å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere ureining frå jordbruket. Kommunen inviterer gardbrukarar, og andre som er søkjegode etter ordninga, til å søkje.



Du søker her: <https://www.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/tilskudd-til-spesielle-miljotiltak-i-jordbruket-smil/>

Søknader om tilskot til organisert beitebruk blir handsama av Fylkesmannen, sjå: <https://www.fylkesmannen.no/nn/More-og-Romsdal/Tilskot/tilskot-til-tiltak-i-beiteomrade/>

### Tiltak som kan få støtte - etter føremål:

1. **Kulturlandskap** – ta vare på jordbrukets kulturlandskap utover det ein oppnår gjennom dei nasjonale ordningane.
2. **Biologisk mangfald** – ta vare på utvalde naturtypar, trua naturtypar og biologisk verdfulle areal i jordbruket.
3. **Kulturminne og kulturmiljø** – å setje i stand, og halde synleg, spor i landskapet etter tidlegare tiders jordbruksdrift og busetnad, slik som verneverdige bygningar, gravminne og rydningsrøyser.
4. **Friluftsliv** – ta vare på tilgangen for ålmenta og å medverke til å halde ved like ein «grøn infrastruktur», i jordbrukets kulturlandskap.
5. **Avrenning til vatn** – å redusere avrenning av næringsstoff og partiklar til vassdrag og kyst. Tiltaka er viktige for å bidra til at måla etter vassforskrifta vert nådde.
6. **Utslepp til luft** – å stimulere til gjødslingsmetodar som gir redusert utslepp av ammoniakk og lystgass.
7. **Plantevern** – å stimulere til bruk av andre metodar for ugrastyning enn bruk av kjemiske plantevernmidlar.

## Rettleiande satsar for SMIL-tiltak:

### **Oppsetting av gjerde<sup>1</sup>** (kr/løpemeter):

Prisen kan variere avhengig av type netting, terreng, behov for rydding, transport osv.

- Vanleg nettinggjerde,ferdig oppsett (inkl. arbeid) : 80-90

### **Inngjerding av lagerplass for rundbalgar** (kr/løpemeter)

- Inngjerding/innhegning av permanente lagerplassar : 130

### **Inngjerding av frukt-, bær- og grønsakhagar** (kr/løpemeter)

- Permanente areal som gir rett til produksjonstillegg : 130

### **Restaurering av steingjerde** (kr/løpemeter):

Svært varierende avhengig av tilstand.

- Restaurering av mur; høgde 120 cm og med lokal stein (inkl. arbeid) : 150

### **Rydding av gamal kulturmark** (kr/dekar): Prisen kan variere mykje avhengig av kor tett det er med vegetasjon.

- Lett rydding - lett tilgjengeleg areal (inkl. arbeid) : 800
- Middels tung rydding - middels tilgjengeleg areal (inkl. arbeid) : 1 500
- Tung rydding - t.d. bratt areal (inkl. arbeid) : 2 000

**Slått av gamal kulturmark** (Ljøen, Ansok o.l.) (kr/dekar): : 500

### **Godkjende kostnader/prisar for eige arbeid** (kr/time)

- Eige arbeid : 200
- Arbeid med bruk av eiga motorsag : 300
- Arbeid med bruk av eigen traktor : 500

#### Kommentar:

Desse satsane er rettleiande i kalkylane som vert lagde til grunn ved utrekning av *godkjent kostnadsoverslag* frå kommunen si side.Dei seinare åra har ein gått meir og meir over til slike standardiserte satsar for å sikre størst mogleg likebehandling av søkjarane. Ved utfylling av elektronisk søknad er det likevel ein føremon å oppgi *reelle kostnader* fordi dette dannar grunnlag for den historiske kvoten fylkesmannen legg til grunn ved fordeling av midlane til kommunane. Dei reelle kostnadene er nemleg som regel vesentleg høgare enn dei standardsatsane som tabellen ovanfor oppgir.

**Sakshandsamar, SMIL** : Inge Bjørdal

**E-post** : [inge.bjordal@stranda.kommune.no](mailto:inge.bjordal@stranda.kommune.no).

**M** : 464 11 023.

---

#### <sup>1</sup> Krav:

- Stolpar: 80 mm
- Bruk av overtråd og opphengstreng mellom kvar stolpe
- Maksavstand mellom stolpar på 1 m
- Dekkjer berre kostnader til gjerde/innhegning (ikkje opparbeiding av arealet t.d.)
- Kommunen kan etter eiga vurdering gi lovleg støtte til NoFence men vil på grunn av den sterke nedgangen i tildelinga til SMIL førebels ikkje prioritere slike søknader.
- Ved bruk av alternative gjerdemateriell (t.d. HT-gjerde) vil ein få støtte tilsvarende bruk av ordinært gjerdetilfang.